



## Todalen IL, Trimgruppa Årsmelding 2023



Foto: Sissel Halset Storslett

Trimgruppa har i trimåret 2023 bestått av:

Leiar: Sissel Halset Storslett

Styremedlemmar: Lars Kvendset, Anita Talgø og Torill Talgø

Når det gjeld styremøter auge til auge har det ikkje vore så mange i året som gjekk. Me møtast nokre gonger i samband med kvar aktivitetsplanlegging. Kommunikasjonen har elles helst gått føre seg via messenger.

Innkjøp mtp Romjulsmarsen, premiering og evt. salg: 250 refleksvestar.

Trimåret-23 hadde folk 24 turmål å velja mellom, for registrering.

Toåa Tursti tronar som det mest besøkte turmålet med 3279 registreringar. Løfta med 1040 registrerte kjem på plass nr.2 og Svinvikrunden kjem på ein 3.plass med 826 registrerte.

Totalt antal registreringar kom på 7548.

Toåa Tursti	3279
Løfta, Kvennset	1040
Svinvikrunden	826
Tjønnyra	730
Rundtur i Øyalia	442
Ja- benken	257
Fauskhjellen	139
Tårnet	99
Storhugen	94
Gammelsetra i Kvennsetdalen	91
Haukarsteinen	75
Kjippå i Romålia	72
Talgøsetra	70
Nauståfossen	56
Skihytta i Sørfjellet	54
Rossådammen	46
Todalshaugsetra	33
Naustådalsetra	25
Ansnessetra	22
Bollknubben	21

Lauvåvatnet	21
Bjøråskaret	16
Storfjellet	16
Rambjøra	13
Ræta opp	11
	7548

## **Alle aktivitetar i 2023:**

### **Gunnøydilten, 3. april:**



Trimgruppa i Todalen IL var arrangør – frå venstre Jon Bruset som er kunde, Anita Talgø, Sissel Halset Storslett, Torill Talgø og Lars Kvendset. Foto Jon Olav Ørsal

Kjempeheldige med veret og oppmøtet. Nærare 200 stykkje var innom gapahuken i Båthølen. Me kunne registrere både godt kjente fjes og , til stor glede, ein del ukjente attåt. Det var sal pølse med brød og kanelsnurrar og sjokoladecake.

Loddsal ( 545 solgte lodd) og gjeve premiar vart det og:

Liten campingstol: Elea og Eline Ansnes

Tova vottar: Anders Nytrø'n

Hengekøye: Anita Talgø

Vedsekkar: Jan Olav Husby, Oddøya

Påskevarer: Nedbretthaugen

### **St. Hansfeiring i Båthølen, 23. juni:**

Me var ikkje heilt på lag med vergudane denne gongen, og måtte finna oss i litt duskgren og kald vind. Det stoppa heldigvis ikkje folk i å koma.

Trimgruppa held grillen varm og sørger for gratis kaffe til dei oppmøtte.



Foto: Jan Olav Ørsal

### **Adventskalender 23:**

I år, som i fjor, vart me vitne til ei givarglede ut av en annen verden. Også denne gongen totalsproduserte gevinstar. Dette førte til at det vart trekt både to og tre gevinstar kvar dag. Me er både takksame og audmjuke.

Todalen.no skal ha ein kjempetakk for samarbeidet.



Foto: Jan Olav Ørsal

### **Romjulsmarsjen, 27. desember:**

Det har no vorte ein tradisjon med å ha kun ein stasjon, på Bruset, under romjulsmarsjen. Ola Dalsegg stilte garasjen sin til vår disposisjon. Det er me sers takksame for, da vergudane let oss oppleve eit skikkeleg vinterver med mykje snøfall.

Deltakarpremien var i år ein knallfarga refleksvest, påtrykt Todalen IL's log.

Antal deltagarar vart tilsaman, med stort og smått, 127 stykkjer.

Elles har Todalen IL hatt fleire turmål gjennom Nordmøre og Romsdal friluftsråd si StikkUt! satsning. Både Tjønnyra og Toåa Tursti er registrert som sommar- og vinterturar.



På vegne av Trimgruppa:

Tusen takk til alle bidragsytarar, loddkjøparar og oppmøtte ved våre arrangement □  
Sissel Halset Storslett